



Finnøy kommune  
Rådhuset  
4160 Finnøy

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Inga og Terje Østebø – Søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø på eigedomen 43/58, Talgje kai, Finnøy kommune - Anmodning om uttale til søknaden - Utlegging til offentlig ettersyn.**

**Fylkesmannen ber om opplysningar om spesielle forhold m.v. som det bør tas omsyn til ved behandling av søknaden. Vi ber om at saksdokumenta og eit eksemplar av kunngjeringa blir lagt ut til offentlig ettersyn i kommunen.**

**Frist for kommunens uttale er 8 veker.**

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt søknad frå Pro-plan AS på oppdrag frå Inga og Terje Østebø om løyve etter forureiningslova til utfylling med reine sprengsteinmassar i sjø.

### Kort utgreiing av omsøkt tiltak:

Type verksemd:	utfylling i sjø med reine lokale sprengsteinmassar
Lokalisering:	gnr. 43 bnr. 58
Søknaden gjeld:	utfylling i sjø
Berekna volum:	ca. 20 000 ( $\pm$ 2000) m <sup>3</sup>
Berekna sjøbotnareal som blir dekkja:	ca. 5700 ( $\pm$ 600) m <sup>2</sup>
Planlagt avbøtande tiltak:	ingen
Estimert varigheit av arbeida:	ca. 6-8 månader etter oppstart/godkjent søknad

Området er avsett til sjøretta næring med plankrav i gjeldande kommuneplan. Finnøy kommune har på visse vilkår godkjent rammeløyvet til utfylling i sjø, og har gitt dispensasjon<sup>1</sup> frå plankrav for gjeldande kommuneplan for tiltaket.

### **Bakgrunnen/søknad**

Føremålet med utfyllinga er å tilretteleggje for framtidig sjøretta næring med tilhøyrande skipstrafikk, det er planlagt havbrukspark og maritimt retta næringsverksemd. Det er derfor søkt om løyve etter forureiningslova til å fylle ut ca. 20 000 m<sup>3</sup> lokale sprengstein masser, som vil dekkje eit areal på ca. 5700 m<sup>3</sup>. Utfyllinga skal utførast frå land.

<sup>1</sup> Finnøy kommune. Vedtak gnr. 43, bnr. 58 datert: 26.01.2017

Det er ikkje teken prøvar av botnsedimenta i tiltaksområdet for å undersøkje grad av forureining, da sjøbotnen skal bestå av berggrunn og grovare kornstorleik. Sjøbotnen i utfyllingsområdet er i staden for undersøkt og dokumentert gjennom ein serie undervassfotografi, som viser at sjøbotnen består av sand og grovare kornstorleik, og berggrunn. Det er ikkje planlagt nokon avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av arbeida. Ifølgje undersøkingar skal det vere gode straumforhold<sup>2</sup> med dominerande retning austsøraust i området. Det er ikkje nokre kjende potensielle forureiningskjelder i området, utanom den no nedlagde ferjetrafikken som varte i perioden 1996-2010.

### **Fylkesmannens merknader**

I følgje temakart-rogaland<sup>3</sup> er det registrert fleire viktige naturtypar i ca. 170-600 meters avstand frå utfyllingsområdet. Det er lokalisert to viktige skjelsandførekomstar i ca. 170 og 420 meters avstand frå utfyllingsområdet, med verdi A (svært viktig). Det er vidare registrert tre større viktige taeskog førekomstar med verdi A (svært viktig) ca. 280, 400 og 600 meter frå tiltaksområdet. Det er gjort arts observasjonar av enkelte trua og nær trua fugleartar som blant anna *ærflugl*, *fiskemåse*, *svartand*, *havelle*, *sjøorre* og *horndykkar* i området.

I eit eventuelt løyve kan det bli aktuelt å stilla krav til overvaking av partikkelspreiing med turbiditetsmålingar og dagleg visuell kontroll under utfyllingsarbeidene, for å hindra skade på dei viktige naturtypene. Ved synleg partikkelspreiing ut av tiltaksområdet skal spreingshemmande tiltak iverksetjast. Straumforholda og lengda på utfyllinga vil truleg gjere det svært krevjande å oppretthalde ei siltgardin som fungerer etter føremålet. Det vil også bl.a. bli satt krav om internkontroll, verneplan, m.v.

Ut frå føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9, kan det i eit løyve etter forureiningslova bl.a. bli aktuelt å stille ytterlegare krav til avbøtande tiltak for å hindre partikkelspreiing som følgje av arbeidet, medrekna fastsetting av sesongmessige tidsavgrensingar.

Søknaden vil bli behandla iht. «forskrift om begrensning av forurensning» (forurensingsforskrifta) kapittel 36 om «behandling av tillatelser etter forurensningsloven) fastsette av Klima- og miljødepartementet 01.06.2004.

### Offentleg ettersyn

Fylkesmannen sørgjer for kunngjering av søknaden i Stavanger Aftenblad. Kunngjeringskostnadane skal dekkjast av søker. Kunngjeringsteksten følgjer vedlagt.

### Utlegging til offentlig ettersyn

Søknaden vil bli lagt til offentlig ettersyn i Finnøy kommune, Rådhuset, 4160 Finnøy, og på Fylkesmannen i Rogaland si internettside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland) under «Miljø og klima» og «Høyringar». Uttaler frå interesserte sendes Fylkesmannen innan 4 veker frå utleggingstidspunktet.

### Uttale – kommunal sluttbehandling

Frist for kommunale uttaler er satt til 8 veker frå kunngjeringsdato.

Kommunen bes innan same tidsrom å innhente nødvendige uttaler frå eigne organ så lang ein finn dette hensiktsmessig. Kommunen uttale bør gje opplysningar om lokale forhold som kommunen

---

<sup>2</sup> Rådgivende biologer (2016). Straummåling ved Talgje i Finnøy kommune.

<sup>3</sup> [www.temakart-rogaland.no](http://www.temakart-rogaland.no)

meiner manglar eller er utilstrekkelege beskriven i søknaden, og som det bør tas omsyn til ved avgjerda.

Dersom det er ynskjeleg med ettersending av andre saksdokument enn dei som er vedlagt, ber vi kommunen ta kontakt med Fylkesmannen. Vi tilrår at kommunen føretar kommunal sluttbehandling i organ som kan foreta ei heilheitleg vurdering i saken. Uttaler og utskrift frå den kommunale saksbehandlinga sendes Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Lasse Aase Tønnesen  
ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Lasse Aase Tønnesen  
Saksbehandlar telefon: 51568904  
E-post: [fmrolaa@fylkesmannen.no](mailto:fmrolaa@fylkesmannen.no)

Vedlegg:  
Søknadsdokument  
Kunngjeringstekst  
Kopi av brev til andre høyringsinstansar (utan vedlegg)

Kopi (utan vedlegg) til:  
Inga og Terje Østebø                      Talgjevegen 59                      4163 Talgje